Vedtekter for Vikedal Bygdahus og Idrettshall SA

Vedtatt på årsmøte i Vikedal Bygdahus og Idrettshall SA 26.03.2026

§ 1. Føretaksnamn

Føretaket sitt namn er Vikedal Bygdahus og Idrettshall SA. Medlemmene heftar ikkje personleg for føretaket sine forpliktingar. Føretaket er registrert som samvirkeforetak etter samvirkelova.

§ 2. Forretningsstad

Føretaket har sitt forretningskontor i Vindafjord kommune.

§ 3. Føremål

Føretaket sitt føremål er å driva og vedlikehalda bygdahuset og idrettshallen til bruk for lokalsamfunnet, samt å leggja til rette for kulturelle, sosiale og idrettslege aktivitetar. Føretaket har ikkje erverv til føremål.

§ 4. Medlemskap

Medlemskap kan teiknast av lag, organisasjonar og andre som ønskjer å støtta føretaket sitt føremål. Søknad om medlemskap skal sendast skriftleg til styret, som avgjer opptak. Medlemmar pliktar å følgja vedtektene og vedtak gjort av årsmøtet og styret. Medlemskap kan ikkje overdragast utan styret sitt samtykke.

§ 5. Andelsinnskot og kontingent

Kvar medlem skal teikna minst éin andel. Verdien av kvar andel er kr 500,-.
Det skal førast liste over andelseigarar og talet på andelar.
Det blir ikkje betalt årleg kontingent. Andelsinnskot blir ikkje betalt tilbake ved utmelding.
Meir enn 50 % av andelane skal til ei kvar tid vere eigd av idrettslag/organisasjonsledd i Noregs Idrettsforbund og olympiske og paralympiske organisasjonskomite og/eller kommunar/fylkeskommunar.

§ 6. Andelseigarar

Andelane i føretaket er fordelt slik:

Idrettslag og organisasjonsledd i Noregs idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité:

Vikedal Skyttarlag: 3
NMK Vikedal: 3
Vikedal Dykkarklubb: 1
Vindafjord Idrettslag: 4
Vindafjord Pistolklubb: 2
Totalt: 13 stk

Andre:

Vikedal Ungdomslag: 5
Vikedal Bondelag: 1
Vikedal Skulekorps: 1
Vindafjord Røde Kors: 1
Vikedal Båtforeining: 1
Totalt: 9 stk

Andelar totalt: 22 stk

§ 7. Årsmøte

Årsmøtet er føretaket sin høgaste myndigheit og skal haldast innan utgangen av mars. Innkalling skal skje skriftleg med minst fire vekers varsel. Årsmøtet skal behandle:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av to stk til å skrive under protokoll
3. Årsmelding
4. Rekneskap
5. Budsjett og handlingsplan
6. Val av styre og revisor
7. Fastsetjing av andelsverdi (ved behov)
8. Eventuelle forslag til vedtektsendringar
9. Andre saker meldt innan fristen

Kvar andelseigar har éin stemme, uavhengig av tal andelar, som er vanleg i samvirke. Det må møta minst 2/3 av andelseigarane på årsmøtet for at møtet skal vera stemmeberettiga.

§ 8. Styret

Styret skal ha **minst** fem medlemmar og to varamedlemmar, valt av årsmøtet. Valperioden er to år, med rullering for kontinuitet. Styret konstituerer seg sjølv og vel leiar for eitt år om gongen. Styret har ansvar for dagleg drift, økonomi og gjennomføring av årsmøtet sine vedtak. Ifølgje samvirkelova kan det ikkje vere meir enn fire styremedlemmer av same kjønn. Styret har ikkje fullmakt til å selje, pantsetje eller på annan måte belaste laget sine faste eigedomar. Det kan heller ikkje inngå avtalar som inneber kausjonsansvar, eller bruke laget sine inntekter til andre formål enn drift og vedlikehald av huset.

§ 9. Økonomi og årsoverskot

Årsoverskot skal nyttast til vedlikehald og forbetring av bygningane og til aktivitetar i samsvar med føretaket sitt føremål. Det skal ikkje skje utdeling av overskot til medlemmar utover det som følgjer av samvirkelova kapittel 6.

§ 10. Oppløysing

Ved oppløysing av føretaket skal nettoformuen nyttast til samvirkeformål eller allmennyttige formål i lokalsamfunnet, etter nærare vedtak i årsmøtet. Medlemmane har rett til å få tilbake innskoten andelskapital dersom midlar står att etter at gjeld er dekka. Fordeling av eventuelle overskytande midlar skal skje i samsvar med samvirkelova § 135.

§ 11. Endring av vedtekter

Endringar i vedtektene krev minst to tredjedels fleirtal av dei frammøtte stemmeberettiga på årsmøtet.

§ 12. Iverksetjing

Desse vedtektene trer i kraft frå det tidspunkt dei er vedtekne av årsmøtet.